



OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonulenten på Osterøy
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70

Telefaks 56 19 21 01

e-post: lars.mjøs@osteroyindustri.no
www.osteroyindustri.no

REFERAT FRÅ ÅRSMØTET

torsdag 29. mars 2006 kl 18.30

hjá Palle Karm og Kassefabrikken AS/ Brikettfabrikken på Raknes

* Me starta med **omvising på fabrikk** (www.brikett.no) og orientering om produksjon og sal ved Rolf Hagebø og Vidar Lone. Lars Mjøs orienterte kort om "Pilotprosjekt for å utløyse ei bioenerginæring i Hordaland" og eit prosjekt for kartlegging i Osterfjordregionen.

Det var og høve til å sjå bunadprodukta til Bunad og Stakkastovo AS (www.bunadogstakkastovo.no)

* Vidar Persbraaten frå **Ventelo** orienterte kort om det nye telefontilbodet frå Ventelo. Den 2-årige avtalen mellom Industrielaget og Ventelo går ut til sommaren. Me har starta innhenting av nye tilbod, og Ventelo får presentere sitt.

* **Mat og kaffi**

* **Årsmøtet:**

22 personar var til stades.

1 Godkjenning av innkallinga. Val av møteleiar. Val av skivar. Val av 2 medlemmer til å underteikne møteprotokollen.

Vedtak: Ingen merknader til innkallinga. Formannen vald til møteleiar. Sekretæren vald til skivar. Valde til å underteikne møteprotokollen: Ingemar Tepstad og Jostein Jacobsen.

2 **Årsmelding og rekneskap** Sjå årsmelding og revidert rekneskap i vedlegg. Vart gjennomgått.

Vedtak: Godkjende.

3 Fastsetjing av **medlemspengane**. Fastsetjing av **godtgjersle for styre og sekretær**.

Styret har ikkje gjort framlegg om justering i satsane.

1 tilsett	700 kr/år
2-4 tilsette	1.000 kr/år
5-9 tilsette	1.400 kr/år
10-14 tilsette	1.700 kr/år
15-30 tilsette	2.500 kr/år
31 og fleire tilsette	3.500 kr/år

Tillegg for personlege medlemmer utover leiaren: 350 kr/år
Årleg godtgjersle til formannen; kr 5.000.
Det vert ikkje betalt godtgjersle til andre i styret.
Godtgjersle til revisor: kr 500.
Årleg godtgjersle for sekretærarbeidet; kr 40.000.

Vedtak: Ingen endringar.

4 **Budsjett**. Sjå vedlagde oppstilling saman med rekneskapstala.

Vedtak: Framlegg til budsjett godkjend.

5 Eventuelle **innkomne saker**. *Ingen saker.*

6 Val.

Val av formann (Lars Magne Bysheim står på val), 2 styremedlemmer (Eimund Øvsthus og Tor Georg Hella står på val) og 3 varamedlemmer (desse er på val: Kjell Rune Birkaas, Johan Solberg og Monica Solberg).

Val av ein medlem med varamedlem til styringsutvalet for Industrikonsulenten (Willy Helgesen og Jorunn Jacobsen som varamedlem står på val).

Val av valnemnd (på val: Formann Jørn Jacobsen, Astrid Tveiten og Leif Tore Solberg) .

Val av revisor (Norodd Helle står på val).

Valet vart leia av Jørn Jacobsen.

Vedtak: Attval av samtlege.

7 **Årsmelding for Industrikonsulenten** (meldingssak). Ligg ikkje føre enda. Vert send medlemmene seinare. Kort orientering i møtet. *Lars Mjøs orienterte.*

Etter årsmøtet var nokre aktuelle saker drøfta; m.a. studietur til Sverige.

Skrivar: Lars Mjøs

Osterøy .4. 2006

Osterøy .4. 2006

Ingemar Tepstad

Jostein Jacobsen